

**Truleg ikkje køar ved bruk av bongar**

02.08.2012

**Skal du kjøpa deg mat og drikke under Festidalen må du bruka bongar og dermed unngår du å stå i kø. Dette håpar i alle fall festivalleiinga som presiserar at bongbruk er vanleg under festivalar og at det er ein praktisk ordning.**

- Ved at vi truleg unngår køar aukar vi opplevinga som folk får under festivalen, seier Bjørn Olav Tveit til uskedalen.no

Slik skal publikum bruke bongane på festivalområdet på Dønhaug:  
Ved inngangen nedanfor gardsbarnehagen kjøper du dei bongane du rekner med å bruka inne på området, Du kan bruka både pengar og kort.  
Det er to bongar - på 30 og 60 kroner. For 30 kroner får du ein brus og for 60 kroner får du øl eller mat.

Bongane må brukast - ein får ikkje veksla dei inn att.  
Men dei du får til overs etter fredagen kan du nytta laurdag, Bongane som er til overs etter laurdagen er eit større problem.  
Men du kan nytta bongar til bussen heim anten du skal til Rosendal eller Utåker. Turen kostar 90 kroner til begge stader, Du treng med andre ord ein bong på 60 og ein på 30 kroner.

Av Ola Matti Mathisen